

Fjell-jo

Svante Lundgreen

GJÆTARSTAVEN

Av Leif Halse

Eg hadde da g ein gong her i sommar — stor dag med rundt tal, og det var mange som kom i hug fødselsdags-barnet med gåver og telegram. Mellom anna kom det ein lang og tunn pakke til gards, og inni pakken låg ein stav. Det var ingen kvardags-stav skoren tu skogen, men ein forseggjort stav, bein som ei hengande loddsnor og med eit fint handtak på toppen.

Det var han Johan som hadde sendt meg gåva, og han hadde gjort staven med sine egne hender. Med gåva fylgde eit brev, og i brevet stod det, at det var ingen gammelmanns-stav han sendte, men ein gjætar-stav. Dermed hadde han stengt dørene for alle baktankar og misstankar. Eg glømte alder og runde tal, og tankane mine gjekk tilbake til somrane i Romådalen sammen med han Johan — til gjætardagar i solskin og regn, vonde dagar og gode dagar, men mest av dei siste.

Det var dagar da himmelen kvelvde seg klår og blå over Romådalen. Sola glitra i elv og bekk, i tjonner og vatn, og dei blågrå fjellnebbene stod og smilte i godveret. Det anga sterkt av tort og blom, av myr og mose, og valsaks-graset lyste gult i rabbar og rastar. Bekker sildra og sikla, og elva søgde og song, og bjøllene klang som klokker i klår luft. I slike dagar var det triveleg å vera gjætargut i Romådalen.

Og gjætar-staven hadde vi alltid med oss. Vi kjente oss liksom ikkje påklædde utan stav. Og staven var skoren av skogen, helst

av rogn eller selje, for den måtte vera både seig og sterk, skulle den tole eit tak og stå for ein støytt. Ein gjætar-stav fekk vera med på så mangt:

Du kunne gå deg på ein orm. Ormen var eit farleg dyr, og ormen var du ikkje trygg for før den låg daud! Det gjekk hundre historier om orm: Rømte du nedover ein bakke, kunne ormen bite seg sjøl i stjerten og koma rullande etter deg som eit tønneband, og når han nådde deg att, kasta han seg mot deg og hogg. Var han i fare kunne han frøse som ein katt og kalle på hjelp, og da kunne det koma orm frå alle kantar, så det reint aula med orm kring deg. Da var det trygt å ha gjætarstaven i handa!

Eller du kunne møte ein olm okse — eit langframandt dyr med store farlege horn, som kom og ville holstange deg. Var det ikkje noko tre å klive opp i, så var det berre ein måte å berge seg på, og det var å bruke staven. Men da måtte du slå etter horna og slå hardt. Inne i horna sitt troll-stuten, veit du, og den er liv og blod i. Du måtte slå så hardt at det skrall i troll-stuten, og det toler ikkje oksen for sitt berre liv! Da vart det så ilt at han belja og rømte sin veg!

Og bjønn: Eg hugsar ein vårdag vi leita sauer i Halla-liom. Det var brattlendt og skogtjukt der vi fór — småskog og kjerr, og vi hadde stav i hand og kniv i belte. Det levde og let i skogen, det knaka og knatt, det murra og mol — der var nye og ukjente låter som kunne vera både det ein og det andre. Vi sa ikkje stort der vi kleiv i den bratte lia, men fantasien arbeidde, og med eitt spurte han Johan:

— Dersom vi møter ein bjønn no — veit du kva eg vil gjera da?


— Nei, korleis kunne eg veta det?

— Jau, da vil eg låne kniven din, og veit du kva eg vil gjera med den?

— Nei.

— Jau, da vil eg ta og slå kniven min tå skaftet og sette'n på staven, og så kan bjønntassen berre koma!

Eg hugsar at eg kjente meg liten og fattigsleg i lag med så mykje mannsnot og pågangshumør og ynskte sterkt og inderleg at Vakker mannen måtte vera med oss så vi ikkje møtte nokon bjønn.



Romådalen


Kåre Halse

Om våren, når borken løypte, laga vi randet-stavar. Først løypte vi av ei bork-remse som gjekk i spiral heile staven nedetter. Så togg vi olderbork til munnspyttet var raudt og smurte det raude spyttet i den avløypte spiralén. Når spyttet hadde tørka, løypte vi av resten av borken, og den raude spiralen teikna seg vakkert av mot det sevjegule treet. Men slike stavar var ikkje til å slå orm og okse med — dei var meir til stas.

Når vi satt slik på ein stein eller ei tuve og laga stavar og togg olderbork, kunne samtalen svinge inn på han Jakob, luringen frå bibelhistoria. Han var gjætar hos Laban, og i gjætarlønn skulle han ha alle dei flekkete kalvane som kom til i buskapen, medan Laban sjøl skulle ha alle som var einleta. Så la Jakob randet-stavar i vasstroene når kyrne kom og skulle drikke, og så var Vakker mannen med han og ordna det slik at det vart berre flekkete kalvar. Vi trudde berre så måteleg på denne historia med randet-stavane. Vi visste korleis kalvane vart til — det hadde vi sett med våre

eigne augo, og i dei buskapane vi gjætte i Romådalen var storparten av kalvane flekkete enda ingen gjorde kunster med randetstavar! No ja — livet er fullt av store og vanskelege problem, og det er ikkje å vente at ein stakkars gjætargut skal øygne botnen i dei alle! —

Den nye gjætar-staven min står no i kroken ved skrivebordet. Den står der og minner om lykkelege sommardagar i Romådalen, om tider som ikkje er meir. Og det for-seg-gjorte handtaket teiknar seg så vakkert mot veggen at det er ei glede å sjå. Gong og annan lyt eg bort og ta i det. Det fell så godt i handa og er så trygt å ta i — det er som å håndhelse på ein god ven.



«Moses» hentes 14 km nedenfor Nedal

Henry Iversen



NOEN BETRAKTNINGER OMKRING FEMUNDSMARKA, SLIK DEN ENGANG VAR, — OG SLIK DEN ER I DAG

Av Christian Andersen

Hvor finner en i dag slik fred og harmoni som i dette storslåtte villmarksområde, der ørreten spretter og elgen trækker tungt i lendet, mens fjellvåken svever høyt under en tindrende blå himmel på jakt etter bytte. For alle som er glad i å vandre i fjellet er Femundsmarka en vidunderlig opplevelse.

For noen år tilbake levde Stor-Hans der inne på Røvolden seter, en kilometers vei fra Roasten. Hvem har ikke hørt om ham. Han var fiskerens og vandringsmannens usvikelige venn. Svenske var han av fødsel, men foretrakk Norge, og fant seg vel tilrette inne i ødemarken. Her levde han i fred og ro og trasket rundt i de store furuskogene, da særlig Gutulia, kjent av alle friluftsfolk som har vanket i disse traktene.

Stor-Hans kunne fortelle utallige villmarkshistorier. Fikk han en «Klunk», ble den ellers tause mann underlig pratsom. Hulder og andre underjordiske vesener hadde ofte vært på besøk hos ham, men det lot ikke til at han hadde tatt seg nær av det. Ingen steder fant han verdt å leve, unntatt her inne, hvor han følte seg hjemme blant skogsdyrene og den storslåtte naturen. Han passet båtene for folk i hele Femundsmarka og så etter at alt var i orden.

Dessverre endte han sine dager her oppe i 1948. Noen fjellvandrere fant ham inne i Femundsmarkas eventyrrike. Over hans